

*Ola Eggen*

# Rausjødalen setermeieri

Norges første meieri og dei som bygde det - 1856

*Årbok for Glåmdalen 1954*

## Norges første meieri og dei som bygde det — 1856.

*Av Ola Eggen.*

Rausjødalen ligg i Tolga herad oppe i fjellet på austsida av Glåma på grensa mot Rendalen. Det er ein fjelldal vel 1 mil lang, som ligg over skogbandet, undateki aller synst, der Rausjøåa renn ned i Speka.

Landskapet har rolege liner med voler, tanger og høgder på elleve, tolv og oppimot tretten hundre m. o. h. Lenger ute i synsranda har ein elles kultar som rekk opp til 1500 og 1600 meter.

Her inne vart det første meieriltaket gjort. Norges første meieri er såleis ikkje berre bygd i ei fjellbygd, men tilmed heilt oppe i snaufjellet. Opptakten var teke av bønder i Tolga og Os, som da var i same herad. Men det er eit par namn som her må nemnast serskilt: Jon Simensen Grue, f. 1804, og Ole Jonsen Berg (i bygda kalla «Bortistuen»), f. 1829. Den første var bonde, lærar og klokkar på Tolga, og det var han som stod som innbjodar og vart formann for interessentskapet. Grue var elles den første bondeordførar i Tolga, og i amtformannskapet kalla dei han Østerdalskongen, av di dei gjerne ville høre hans meining i vanskelege saker. Eg hugsar han frå min barndom. Han var middels stor og var heller få-mælt og roleg, men han var da ein gamal mann.

Bortistuen var bonde i Vangrøftgrenda. Han var den gongen berre ung — 26 år —, men likevel skulle han vera den mest ihuga for dette meieriet. Eit par av dei trå Vangrøfta som hadde teikna seg på lista, gjekk ifrå att, men han tok også deira aksjer på seg. Han var av det slaget som sette noko inn for sine idear. Bortistuen var middels høg, men breivaksen og førlagt. Av huglag var han godmølt og romsleg. Elles hugser eg at han ikkje stod i beit for å gjeva eit skarpt svar ein hende gong; men oftast var han i godt lune og ville gjerne prate, likefullt med barn som med vaksne.

På den tid eg var gjætargut var barna åt Bortistuen vaksne, så han måtte gjæte sjølv utover våren; men det er den interessantaste «gjætarkamerat» eg har hatt. Økonomisk gjekk det vrannt — han ofra seg for mykje for andre og var m. a. dyrlækjar for hele bygda, og i blant fór han òg vidare ikring — så barna reiste heimafrå over Blåmyra. Til sist måtte han selja garden og reiste ved hundreårsskiftet etter til Amerika, der han døydde (Lake Park, Minnesota).

Som alt nemnt var det J. S. Grue som stod for skipinga. Han sette i 1855 fram forslag om å danne «et interessentskab med det Formaal at anlegge og drive et større Meieri for tilvirkning af ædlere Ost». Interessentskapet vart skipa og meieriet planlagt som eit aksjeselskap, med 100 aksjer og plikt til å sende ei ku pr. aksje. I styret var 10 mann. Utgiftene skulle deles likt på aksjene; men utbyttet derimot skulle deles etter mjølkemengda interessentane leverte. I staden for at ein no sender mjølka til meieriet, så skulle dei sende kyrne. Interessentskapet måtte difor først få tak i ein høveleg beitestrekning, for så å reise meieriet der. I søknaden til Det kgl. Selskap for Norges Vel om stønad opplyser formannen at dei meinte å kjøpe Rausjødalen, og at den ville koste om lag 700 spesidaler og bygging av hus rundt rekna 300 spd.

Selskapet for Norges Vel møtte denne saka med stor interesse og velvilje. Direksjonen gav meieriselskapet eit lån på 700 spd. mot kommune-garanti, 4 % rente, og avdrag i 10 år. Vidare lova direksjonen å prøve skaffe ein dugande ystar frå Sveits og betale reisa og halvparten av løna. I vinterhalvåret skulle sveitseren rettleie i fjøsstell.

Innan året var omme, vart det ordna med kjøp av sæter og hamnetrakt i Rausjødalen.

Det snakkes om amerikansk byggefart, men her måtte det også ha gått med ein viss fart. Meieristyraren, Kaspar Hiestand, kom til Tolga i slutten av mai 1856, og til sommaren skulle meieriet settes i drift; men først måtte det bygges! I Rausjødalen kunne dei ikkje få gjort noko før snøen og telen hadde gått or jorda, men til beitet kom måtte meieriet vera ferdig!

På same tid som Hiestand kom til Tolga, sendte Selskapet for Norges Vel reiseagronomen C. H. Jensenius nordover for å vera med ved planlegginga i Rausjødalen. Jensenius og Hiestand var så først ditopp og såg på tilhøva, og i andre veka av juni strauk ei skrei på 37 mann med 28 hesttar frå Os og Tolga søraustover fjellet til Rausjødalen for å gå i gang med

bygginga. Stein tok dei i terrenget i kringom og trevirke som trengs til tak m. m., skulle dei ha teke nede i lia ved Speka. Til golv og taktekke vart lagt flate steinheller slik naturen hadde forma dei. Etter skikkeleg 3 veker var husa ferdig til å tas i bruk: Ei meieribygning, 10 alen brei innvendig og 30 alen lang, med 3 rom (mjølkebu, ysteriet og ostebu), og eit fjøs på 16 alen breidde med 100 båsrom. Dette var utført som pliktarbeid, men taksten på husa var sett til fire hundre spd. etter gjeldande arbeidsprisar. Leidar for arbeidet var Bortistuen<sup>1)</sup>, og det er vel ikkje sikkert at hovudet var nedpå puta kvar natt «der i garda», lyse netter som det på denne årstida er.

Måndag 7. juli kom flyttinga: 89 kyr og to drengar heldt inntog med rauting og ståk. Kyrne var framande i trakta og for kvarandre og var naturleg nok urolege i førstninga. Men det gjekk snart over og buskapen kom i roligt gjenge, og mjølka auka.

Etter 70 dagar flytta dei heimatt den 15. september. I denne tida vart det handsama 24 490 potter<sup>2)</sup> mjølk og laga 256 kg smør. 2221 kg feit ost og koka 1384 kg mysmør. Mjølka av kvar ku vart målt, og det vart ført nøye rekneskap over produkta og likeså det som gjekk til hushaldet. Størstedelen av osten vart ikkje laga heilt feit, men av halvparten nymjølke (morgonmjølka) og av halvparten mjølke som hadde stått 12 timar (kveldsmjølka) der fløten var skumma av. Men osten vart lel likeså feit som nede på flatbygdene der ingen rømme vart teken av, skriv Jensenius, og var allstøtt nemnd, og seld som feitost.

Osten vart lagra nede i bygda til i mars neste år, og hovedpartiet vart da seld i Kristiania,<sup>3)</sup> medan noko vart seld under vegs dit, og noko i bygda. Smøret vart seld i bygda og likeså mysmøret, men ein del av det siste vart delt millom interessentane. Bruttoinntekta for 1856 var 925 spd.

Jensenius seier om osten som vart ysta første året at den var «vakker af Udseende, velsmagende og fed, men endnu ikke ganske moden». Ystinga hadde sine vanskar i førstninga, og Jensenius fortel om det: «Da Schweit-

1) Far hans, Jon O. Berg, var kjent kjerkebygger

2) 1 pott = 0,965 liter.

3) I Folkevennen, som kom ut i Kristiania, finn ein i 1857 denne notisen: «Den saakaldte «Sveister-Ost» som det før omtalte Samlag i Østerdalen er begyndt at gjøre, skal være ypperlig, hvorimod anden saakaldet «norsk Sveitser-Ost» fordetmeste hidtil ikke har villet lykkes.»



Rausjødalen meieri.

seren Hiestand kom til Rausjødalen og med megen Flid havde faaet den første Ost til at lægges under Pressen, spurgte jeg ham om den nu var som den skulde være? Han svarede: «Nei, ikke ganske.» Der hengik nu flere Dage inden jeg gjorde ham noget videre Spørgsmaal derom; men efter en Uges Tids Forløb siger han en Dag til mig: «Jeg kan ikke forstaa, hvordan det kan være, nu har jeg prøvet paa flere Maader, men Ostene ville ikke blive gode, de begynde at hæve sig (gjære) i Pressen, og det er en stor Feil; og dog har jeg arbeidet dem saa vel, at om jeg i Schweiz havde arbeidet Osten saameget, vilde den blevet saa haard som dette Bord» (hermed pegede han paa Bordet vi sad ved). Først et par dage efter lykkedes det ham at træffe den riktige Maade, saa at denne «store Feil» blev rettet. Hiestand er dog en gammel erfaren Yster, maaske den dyktigste af de Schweizere, som ere komne til Landet, derhos en tænksom Mand.»

Dette var i ei tid lenge før ein fekk hjelpemiddel som smussprøver og slikt, men Hiestand hadde ingen vanske med å kontrollere mjølkekvaliteten med luktesansen, og ein skal vidare herme Jensenius: «Ogsaa hos Hiestand hadde jeg Andledning til at bemærke, hvilken skarp Sands for alt, hvad der vedrører Mælken, lang Øvelse giver. Naar Hiestand vilde

undersøge, om Mælkebunkene vare vel rengjorte, behøvde han slet ikke at tage dem tæt op til Ansigtet men kunde, skjønt han holdt dem i nogen Afstand, strax lugte den mindste Grad af Syrlighed. Ligeledes opdagede han ogsaa let den mindste Urenlighed i Mælken. I Forbigaaende sagt var han med Hensyn til dette Punct ikke tilfreds i Rausjødals-Sætren og ofte mismodig derover, skjønt Østerdølerne ere bekjendte for at staa høit i Renlighed. Jeg mindes saaledes engang han stod og rørte i Ostekjedelen, tog han op en Haandfuld Ost, lugtede til den, rystede paa Hovedet og sagde: «Møg i Mælken! Møg i Mælken!» — Heraf faar man dog ikke slutte, at Mælken var i nogen betydeligere Grad uren. En Anden vilde ikke have kundet opdage nogen Feil ved den; jeg var idetminste ikke istand dertil.»

Om sommaren 1857 hadde dei ved meieriet 91 kyr og liggetida var frå 8. juli til 9. sept., altså 63 dagar. Mjølkmengda var litt høgere enn det første året, elles var drifta etter same plan. Da det første ostpartiet, som alt nemnt, kom for tidleg i handelen — og interessentskapet måtte gå med på eit avslag i prisen — så hadde dei denne gongen osten liggande 1½ år på lageret. Ved heimførsla frå «sæteren» var osten vel så god som året før, men lagerromet hadde vore for dårlegt ventillert så ein del av vara hadde teke noko skade, og likeså vart ein del av den i noko mon utskjemt av regnvær under kjøringa til byen. Dette gjekk utover prisen, som vart noko lågare — istadenfor høgare — enn for første års parti. Bruttoinntekta for 2. sommaren var 783 spd., og i netto 548 spd.

Folkhjelpa var forutan styraren 1 lærling, 4 kvinnfolk, 1 gjætargut og to eldre karar som var opptekne med å skaffe ved til kokinga — i alt 9 personar. Lærlingen hadde ei læretid på to somrar og ein vinter.

Kor grundige sveitserane var på sitt fagområde syner millom anna det at dei også tok seg av ein ting som gjætinga: «En forstandig Gjæting er af megen Betydning for Kjørenes Velvære og Mælkudbytte. Skjønt Gjætingen, ialfald paa nogle Steder i Østerdalen, udføres bedre end i de fleste andre Egne af Landet, staar man dog i Almindelighed ikke mindre tilbage i dette Stykke end i Kunsten at tilvirke en fortrinlig Ost, hvilket ikke er at undres over, da Gjætingen i Regelen udføres af saadanne som ere mindre skikkede til andet Arbeide, især Børn. Schweizerne klagede over at Kjørene vare «slet opdragne», strøg omkring hid og did istedenfor at gaa stille og beite. Dette har en skadelig Indflydelse ikke alene på Mælkemengden, Kjørene yde, men hvad der tør være mindre kjendt, ogsaa paa dens Be-

skaffenhed. Mælken faar som Følge heraf den Egenskab hurtig at surne, ja en begyndendeurning er alt indtraadt, naar den kommer af Koens jur. Dette viser seg deraf at om man koger Myse af Mælk, der er ystet strax efter den blev mælket, flyder det Ostestof op i Form af Dravle.

I Schweiz forholder det sig efter Schærers Forklaring anderledes; der faar man ingen Dravle, selv om Mælken, før den ystes, og følgelig Mysen af den, naar den koges, er 24 Timer gammel. Have derimod Kjørene, som i Schweiz hyppig sker, været brugte til Arbeide, antage Mælken samme Beskaffenhed; man faar da ogsaa der Dravle af ganske færsk Myse. Dette viser, at denne Beskaffenhed hos Mælken ikke hidrører fra Beitet, men derfra, at Kjørene anstreges, hvorved deres Blod ophedes.»

Jensenius har nok tilbragt atskillig tid i Rausjødalen og gjort sine ans, og han gir også ein gløtt av dyrekvaliteten, og skriv: «Under mitt Ophold i Rausjødals-Sætren i 1856 havde jeg Anledning til at gjøre en interessant Erfaring angaaende et Punct jeg oftere har fremhævet, og atter her vil feste Opmærksomheden paa, nemlig dette: at det Mælkeudbytte man faar af en Ko, ikke alene beror paa Fuldkommenheden af dens Mælke-redskaber, men ogsaa ligesaameget paa en sund og kraftig Bygning. Den af samtlige 89 Kjør i Sætren, som gav det største Mælkeudbytte, var ikke den, der havde de stærkeste Mælketegn, men den som havde den vakkreste om Sundhed og Trivelighed vidnende Bygning. Denne Ko havde vistnok gode Mælkemærker, dog var det flere som heri overgik den, men den udmærkede sig fremfor alle ved en afrundet, bred Krop, bredt Bryst med godt hvælvede Sideben, kraftig Bagdel samt lave velstillede Ben. Denne Ko var om Høsten, da man drog fra Sætren, i bedre Huld end de øvrige, og gav over ¼ Part mere Mælk i Sætertiden end det gjenemsnitlige Udbytte pr. Ko.»

I vintertida fór Hiestand ikring millom interessentane og gav rettleiing om foring og fjøsstell, og han vann seg stor tiltru. Elles greidde han med etterhandsaming av osten.

Ramma for dette meieriet var såleis på sett og vis den same som for meieri no, etter at kontroll-laga er lagt under desse.

Det var 40 som hadde teikna aksjer i tiltaket, men buskapen som kom til Rausjødalen, tilhørde 34 eigarar. Av desse av 23 frå Tolga og 11 frå Os. Dei som var med:

*Frå Tolga:* John Simensen Grue, Hans Kirkbakken, John Estensen,

Anders Urset, Nils Bakken, Ole Helgesen, Knut Floor, Iver Moen, Knut Olsen, Ole K. Sagbakken, Jens P. Volden, Ole P. Ryolen, Iver A. Tollan, Lars J. Olsgaard, Nils N. Malmåsen, Paul O. Brendmoen, Semund E. Dølgård, Peder L. Lilleniølgård, Tore J. Døljølgård, Jakob N. Sønør, Iver O. Kåsen, Johan L. Holøyen og Mikkel Prestlien.

*Frå Or:* Ole Jonsen Berg, John Eriksen Moseng, Nils I. Østgård, Lars Østgård, Esten Ingulsen Ous, Haagen P. Gjelten, Simen Gjelten, Johannes Grue, Peder P. Berg, Ole Iver Berg og Ole Mikkelsen Berg.

I Rausjødalen vart det berre med desse to åra. Det kom m. a. til tvist og prosess om hamninga.

Pionerane hadde nok hatt sine vanskar. Ein kan skjønne at dette tiltaket vart livleg diskutert på gardom ikring i bygda, og dei fleste var «vet-tuge nok» til å halda seg utanom; men det hindra ikkje at dei kunne vera med i diskusjonen — og laga motbør. Den første våren kom det ut rykte om at det ville bli berre smalhans der oppe i Rausjødalen. Så måtte Jensenius og Hiestand rykke i marka; og dei kunne fastslå at hamninga var flust for dyretalet. Bortistuen skriv i dagboka ved dette leite: «En pokkers alarm om Meieriet i Rausjødalen, især af gamle kjærringer, der med sitt vante smør og Ost kan forsikre at ingen gjør det bedre og at nok de yngre kan faa la sig nøye med det samme og ikke begynde med saa mange nye skikke. I det heletatt er største delen mot dette foretagende. Mange har i denne maaned gaaet ifra. Og nogen faa tegnet sig.» — — — Han held fram: «Den 7. juli skulde Konene skille sin buskap for at nogen skulde gaa til Rausjødalen. Ingen kan beskrive hvilken jammer der herskede. Nok var det saa at nesten alle Koner var med for at gjæte sammen. Men hvilken elendighed! Ko og Koner jamret sig ganske ubeskrivelig.»

Ein ser at konene hadde vondt for å betru dyra sine til andre, og det var mange som tok til å sjå på dette verket inne i Rausjødalen som ei vederstyggelighet i strid mot moralske lover: Kom det ulykke over folk eller uhell på dyr eller dårleg sommar, så fans det dei som ville ha det til at det var ein straffedom for det som gjekk føre seg inne i Rausjødalen. Ei jente som såg kyrne derinne i førstninga etter flyttinga vart teken av slik medynk at ho strigret, og gjennom tårene stamma to harmfullt fram: «Dom får berrå synda som æ skyld ti det!» Jensenius skriv òg om at konene var av de hardeste motstandarar, og at mange av interessentene måtte gjennomgå ein husleg kamp før dei fekk skrive seg på lista.

Ja, slik var tilhøva. Dette var det første meieri i Norden, og på samvirkebasis kanskje det første i heile Europa.

Dei nørdeste bygdene i N. Østerdal hadde sers gilde markslåtter og frodige beiter, og låg dermed godt tilrette for husdyrbruk som var hovudnæringa. I denne samanheng skal ein også nemna ei fråsegn av matrikkelkommisjonen av 1818. I saksprotokollen åt kommisjonen heiter det m. a. etter at komm. har nemnt at korn og poteter mest ikkje kan avles i desse bygdene: «*Desmeere legger Tolgens thinglaug vind paa hø-avlén og fædriften*, hvorfor òg indbyggerne før at fremme denne sidste, med besværlighed i de omringende bjerge og fjelde, adspreed hist og her, hvor nogen anledning gives, samt paa havende sæterløkker, sanke og samle vinter-føde for kreaturene ved marke- og myrslåtter» — — —

Det er såleis ein naturleg konsekvens at folket vil prøve å finne fram til ein best mogeleg foredlingsmåte av hovudproduktet, *mjølka*.

Etter professor Hasund tok sveitsarane til å koma til Norge i første av trettiåra. På den tid var det eit sveitsisk selskap som åtte Vallø saltverk ved Tunsberg. Til dette hørde også eit større gardsbruk, og det var da så naturleg at sjefen for verket fekk oppover ein landsmann til å stå føre fjøset og ystinga. Etter kvart kom det fleire sveitsarar til, og i 1847 kom Andreas Kundert til Valløy. Kundert fekk godt skudsmål som ystar, og fire år etter kom han i teneste ved Selskapet for Norges Vel som vandrelærer i fjøs- og mjølkestell, og i året 1852 reiste han ikring i Land, Vardal, Biri, Ringsaker, Sør-Trøndelag og Østerdalen.

Eit par tri år etter Kunderts virke kan C. H. Jensenius melde om at det Nordre Østerdalen var «en levende interesse for fedrift og melkestell».

Jensenius (som var danske) kom i første av femtiåra i teneste ved Oplands- og Hedemarkens amter for å «undersøke sæterdriften der, og gi veiledning i melkestell på sætrene». Ikkje lenge etter kom han i samband med Selskapet for Norges Vel og vart samstundes selskapets reiseagronom, men framleis med same arbeidsprogram, berre noko vidare.

Det var sikkert ikkje så endefram å få tak i ei beitetrakt til dette føremålet som skulle bli ei varande verksemd. Ein buskap på hundre naut var ikkje å få smette inn kvar ein ville. Sætergrendene sine kunne folk ikkje unnvera, og elles var terrenget oppteke av markslåtter, og dei var umissande for gardane. At graset i den tida var ei verdfull «vare», syner dei mange

skriftlege beitekontrakter frå første halvparten på 1800-talet. Det var fastsett flyttingstider frå vår- til sommarsæter og til haustsætra, forbod mot mot å ta inn framande beitedyr, fastsett storleik av mulkter for dei som ikkje heldt seg etter reglane og meir slikt som hadde si rot i den dominerande rolle fjellbruken har spela for gardsbruket heilt bakover i ei fjern fortid.<sup>1)</sup>

Eg har alltid vore av den meining at det var Bortistuen som kom med idéen og var primus motor. Noen eldre folk eg har snakka med i det siste, påstår det same. Det var likevel rimeleg nok at John Simensen Grue, som meir vèlrøynt i offentleg styr og stell, tok seg av tilrettelegginga og og stod som leiar.

Når ein skal vega desse to karane mot kvarandre så tykkjest det noko utruleg at ein unggut å kalle skulle ha tenkt ut ein slik plan, og fått eldre bønder med på det; men på den are sida så var Bortistuen langt førut for si tid også på andre omkverve. John S. Grue var på den tid i sine beste år og har hatt mange tillitsyrke i samfunnet og var ein vyrd mann, og ein må tru at han hadde fått meir vidsyn enn folk vanleg. Visst er det at Grue må ha synt denne saka større interesse og mere offervilje enn aksje-eigarar flest og i alle høve vore ei sterk støtte for tiltaket.

Om selskapet i Rausjødalen måtte innstille, så var dermed ikkje idéen oppgjeven. I 1858 vart det med støtte av Selskapet for Norges Vel sett i gang to nye meieri; det eine i Magnildalen ved kontrakt med Jon Steen og Esten Røsten, Tynset, med føresetnad om å halde 70—100 kyr, og det are i Slåttåhaugen i Os, ved Lars og Esten Ingulsøner Ous, med et belegg på 50 dyr. Hiestand flytta så til Magnhildalen og Kaspar Schærer kom til Slåttåhaugen. I Slåttåhaugen hadde presten Holst på Tolga buskapan sin med, og elles skulle det ha vore kyr med også frå Vingelen og Hodalen; medan enkelte kviknedøler sendte dyr til Mangnildalen. På sistnemnde stelle var Simen Østensen Strømsøren, Nils Olsen Tuveng og trysiljenta Siri Mortensdotter Langtjærnåsen til opplæring, og i Slåttåhaugen fekk Erik Paulsen Heggstad, John Iversen Røste og Sara Ingebretsdotter Nygaard frå Vingelen

<sup>1)</sup> Kor vidfemnande markafóringa var i gamal tid, gir eit oversyn av 1687 over prestegodset Vingelen eit greitt døme på. Det heter: «huiss de och til deres Creatures underholdning och föde raad schal hafue, det maa de thage langt udj ud och fieldmarcherne ved 2 å 3 miel bort fra gaarden.» (1 gl. mil = 11,3 km.)

si utdanning. Desse to meieri hadde økonomisk stønad til drifta i tre år, og heldt fram med to av dei opplærte nordmenn som ystarar. Smørstempelelen og svijernet med namnet «Slåttåhaugen meieri» er enno til.

Meieri hadde, som før sagt til føremål å framstille «ædlere» ostesorter, og Jensenius ivra og for det på reiser og i foredrag; men i parentes skal ein opplyse at han likevel la for dagen at det gjerne kunne legges meir an på den norske geitosten og gammalosten.

Kilder: C. H. Jensenius: Meieriene i Nordre Østerdalen. Prof. Hasund: Det kgl. selskap for Norges Vel. Budstikken 1861. I. Sæter: Tolgen. Høyfjellskommisjonens kjennelse over 9. og 10. felt, samt trykt rettsbok V for 9. felt. Per Skancke: Nordre Østerdalens landbruksforening 1880—1920.

Munnleg overlevering av: Per Simensa Gruven, Nils Bakken, Sigurd Troen.



Atnedal med Rondane.